



Hardangerrådet iks



Referat frå :

Knut Olav Åmås til Hardangerrådet 13.09.2018

Disposisjon føredrag:

1. Inntrykk av Hardanger i dag
2. Fakta eg finn om Hardanger i dag
3. Analyse av framtida i Hardanger

1. Spontane INNTRYKK av Hardanger i dag:

Dette er grunnfjell i lokalt kulturliv:

- Festivalane som er blitt viktige for Hardanger
- Folkebiblioteka er viktige
- Kor og korps er viktige
- Kulturskulane er viktige
- Institusjonane er viktige, som f. eks NVIM

2. Kva FAKTA finn eg om Hardanger i dag:

Norsk kulturindeks:kan fortelja mykje interessant. Ullensvang Jondal og Odda ligg godt an, også den nye Ullensvang kommune har alle forutsetningar for eit godt kulturliv. Den har potensial om å bli nr 19 beste kommune i Norge. Odda har også stege på denne stigen. Hardangerkommunane er sterke på ulike områder - det tilseier at potensiale er veldig godt.

Veldig viktig at minst 1 person leiar arbeidet også innan kultur.

F. eks i Odda har dei eit kutta på 5 millionar på kulturbudsjetten. Dette er dårlig timing i kraft av eit ein skal verta eit nytt stort sentrum.

- i 2014 hadde 6 av 7 kommunar kultursjef
- i 2018 har 6 av 7 kommunar ikkje kultursjef.

3. Analyse for framtida!

Kva er kulturen til for ? Kva inneber det at eit lite land prioriterar kultur (i 8 år vart 1% av nasjonalbudsjett sett av til kultur).

- Demokratipolitikk har med identitet å gjera og har med kven me vil vera og ikkje vera
- Kultur gjer det mogleg å sjå liv og ikkje liv tydelegare.
- Kultur er lim og lupe, og i felleskap med lokalavis, skapar den eit felleskap og er med på å forma eit lokalsamfunn. På denne måten skapar kunst og kultur verdiar i eit samfunn

- Estetikken, moral og korleis me forheld oss til det offentlige rom. Utsmykking og kulturinnslag er ikkje kulturen, den er noko så stort som samtalen om oss sjølve. Samtalen om livet og samfunnet.
- Kultur er ytring, det byggjer, formar og dannar enkeltmenneske. Kultur er søyler i samfunnet.
- Samarbeid mellom amatørar og profesjonelle, det tilfører begge grupper mykje.
- Kva er er spesielt viktig/grunnmuren i den lokale kulturen? Det er basisen i kulturen: festivalana, kor, korps, biblioteka, kulturskulane og institusjonane. Men dette grunnfjellet står ikkje støtt. Dette er budsjettpostar som tapar opp mot helse,...
- Kunst og kultur må heile tida diskuterast kritisk, og det krev tid for å få resultat.
- Kultur er langsiktig arbeid.
- Er grunnfjellet i kulturen salderingspostar?
- Treng ikkje vera ein stor by for å lukkast med bibliotek. Dei er den en kviskrande samfunnsskaparen. Den er uten terskel og inkluderar alle. Ein integrerande og sosial funksjon, eit ikkje kommersielt rom, som gjer at folk kjem på tvers av alder, klasse, etnisitet og religion.

Oppsummering:

Kva bør ein gjere no?

Nødvendig grunnlag er driftstilskudd til ulike kulturinstitusjona, korps, bibliotek etc.

Enkel fasit er å spela på institusjonane, organisasjonane og enkelt personar og ta vare på ildsjelene. Kommunane burde ta vare på enkelt ildsjeler.

Festivalane må ikkje gløymast som dei separate organisasjonar som dei er. Dei skapar store økonomiske verdiar, set kultur på kartet, kommunane skal ikkje eiga dei, men er viktige for å få dei igang som tilretteleggar og økomisk bidragsytar.

Då Hardanger musikkfestival starta, var det også kommunal finansiering av ein stilling der.

Kommunane i essensielt viktige for å få på plass gode og viktige festivalar.

Men himmelen er endå høgare enn dette.

Hardanger har historie på natur, kraft, landbruk, frukt, samtidig som dette er samtid. Her er STORT potensiale. Meir samspel mellom kultur og næring.

Lønar det seg å invistera i kultur? Ikke alt er målbart. Ytring, dannelse, identitet - dette er kvalitetar som ikkje er målbare, men som gjev mykje tilbake.

Kultur er samfunnsutviklande!

Argument for å satsa på kultur: Kunsten og kulturen har sin **eigenverdi**, kva er det?

I intensjonsavtalen er dette brukt som argument: Eigenverdien av arrangement, kultur, idrett. Kva betyr eigenverdi i eit kulturverk? Det ein er ute etter er funksjonane og verknadane av kultur. **Kulturen vert fyrst viktig når den har funksjon og verknad i samfunnet.**

Det er meir eller mindre biverknader av kultur. Mykje kultur trekker ikkje folk, men får folk til å bli og trivast, fordi **kultur gjev bukvalitet og auka livskvalitet**.

Kva er essensielt når ein kommune skal satsa på kultur?

Det har no vore utruleg stor satsing på kulturhus;undervurderte utgifter, og overvurdert inntekter. Dvs lokal krefter har ofte ikkje råd til å bruka dei..

Ein kan få så mykje effekt av berre ein tidel av det eit hus kostar, og heller leva med at ein ikkje har det flottaste huset. (kulturhuset)

Ein kulturkommune må ikkje legga seg berre på basis nivå, det er passivt. Det som trengs i tillegg er friare midlar til å ta sjølvstendig avgjerelsar. At ein sjølv kan skap og kobla folk saman, det krev litt midlar. Bruk ildsjeler og lokal entreprenørar. Desse er ofte vel så viktige som lokalpolitikarar. Det krev ein kompetent kulturadministrasjon for å sjå nye idear, og satsa på dei.

Kultur og næring:

No vert kultur sett saman med næring og oppvekst. Det kan bli veldig bra. Viktig å sjå kulturutvikling og næring saman, for dei er avhengige av kvarandre.

Og hugs at festivalar er god business for lokalsamfunnet. (kan også stoppa handelslekkasje)

Hardanger har meir og meir !

Gleder seg til å sjå kven som skal ansettast i dei nyopprettu kultursjef stillinga i framtida! Winston Churchill vart beden om å kutta i kulturbudsjett, for å gje pengar til krigen.

Han nekta dette: **kva er det da vi skal kjempe for!**

Å knyta kultur og næring er ei god løysing og viktig for små kommunar som gjerne også er reiselivsorienterte. Glad for dette.

Det er fleire måtar å gjera ting på

★ Korleis møter kommunen folk som vil skapa noko.

★ Felles kulturkalender!

★ Kunne me ha ein felles kultursjef i Hardanger!